

## **Fylkesstyret bed årsmøtet vedta fylgjande arbeidsplan for fylkeslaget i 2024.**

Til grunnlag for arbeidet i 2024 legg me til grunn den arbeidsplanen som vart vedteken på landsmøtet 11-13 nov.2022.

Me har vidareført faste oppgåver som Aust-Agder nei til EU. må gjere kvart år, og nokre oppgåver som ikkje vart sluttført i førre årsmøteperiode frå den arbeidsplanen som vart vedteken på årsmøtet den 6. juni 2023.

1. Det viktigast arbeidet for Aust-Agder nei til EU,er å arbeide for at Noreg skal melde seg ut av den sokalla EØS avtalen, og erstatte den med ein handelsavtale med EU.I tillegg vil Nei til EU alltid ha merksemnd på at Noreg framleis skal stå fritt og sjølvstendig utanfor den Europeiske union.
2. Difor vil me arbeide for å arrangere opne møte og konferansar både til dømes i Arendalsuka og elles i året. Møta skal særskilt bidra til å samle den breie nei sida med å fremje oppslutninga til kravet om at Noreg skal melde seg ut av EØS og erstatte den med ein handelsavtale med EU.
3. Me vil bidra til å syne korleis EØS avtalen verkar på det norske samfunnet, og undergrev norsk lov og sjølvråderett.Samarbeide med fagrørsla mot sosial dumping og sokalla"pakker"frå EU som svekkar dei faglege rettane i arbeidslivet.
4. Me vil arbeide for at Noreg går ut av det sokalla Schengen samarbeidet,og ha full kontroll over eigne grenser.
5. Me vil freiste å delta på marknader og messer, som til dømes Landbrukets dag og Arendalsuka.
6. Me vil skrive og freiste å få redaksjonelle oppslag i media.
7. Me vil freiste å vere tilstades på arrangement og tilskipingar som andre organisasjonar arrangerer og tale vår sak, som til dømes valtilskipingar.
8. Me skal i 2024 ha minst 4 styremøte, og ha eit fungerande arbeidsutval. Me vil lage ein plan for drifta gjennom året,men vil også ha høve til å møte etter behov.
9. Me vil legge tilrette for at styre for at styre og medlemer kan delta på rådsmøte og leiarmøte.Fylkeslaget kan også.Fylkeslaget kan også gjeve stønad til reise og opphald på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til arbeidsutvalet.
10. Me vil at verving av medlemer til organisasjonen skal vere ei viktig oppgåve også i komande arbeidsår, og vil delta aktivt i verveaksjonar og andre former for verving.
11. Me vil stø ungdoms og studiearbeid,og stø Ungdom mot EU.Me vil hjelpe til med å skipe studentlag ved Universitetet i Agder.(Studentar mot EU.)
12. Me vil arbeide for å ha kommunekontakter i alle kommunar i Aust-Agder,og å hjelpe til med å skipe nye lokallag. Me vil også hjelpe aktive etablerte lokallag og kontaktpersonane i Aust-Agder med deira arbeid.